

## Vedlegg 1: Oppdragsgivers kravspesifikasjon/beskrivelse

### Tekniske krav:

- Vegen vert frest opp og valset flat. Det vert sett krav til at utstyret som nyttast til djupfresinga skal klare å knuse steinar (opp til 3-400mm) og fjellnabbar ned til minimum 20 cm. Type fres og beskriving av denne må følgje med tilbod.
- Det skal haldast kontroll med vegen sin breidde, og grunne stikkrenner, etc. Desse markerast i forkant av fresejobb.
- Etter djupfresing skal det fyllast på ~5 cm telefri (T1) veggrus i størrelse 0-32mm.
- Oppfrest veg og ny grus blandast, og stabiliseraast med lignin ned til 15 cm djupne. Mengde lignin skal være minimum 6,5 l/kvm. Vegen vert deretter valsat flat.
- Vegskulder komprimerast for å unngå at vegen sklir ut i grøften. Metode og planlagt utstyr for komprimering må beskrivast.
- Etter djupstabilisering skal entreprenøren ved behov (i samråd med byggherre), gruse opp parti med for bløt overflate.
- Massane vert oppgjort etter dokumenterte medgåtte massar.

### Anleggsperiode:

Arbeidet utførast på våren 2019, og må seinast være ferdigstilt innan utgangen av **juni 2019**. Vegane er planlagt asfaltert etter sommaren.

### Masseoversikt:

Masseoversikta er sett opp til entreprenøren si orientering. Ved val av div. type masse og evt. tillegg eller frådrag i massane, skal einingsprisane gjelda.

### Arbeidsstad og tilkomst:

Dei 3 vegane som er planlagt forsterka ligg er vist i blått i karta under. Bilete viser deler av vegane.

#### Dei 3 vegane er:

• Uglåsen (grusveg) –	kv1204 –	800m, 3.0m bredde	= 2400 m <sup>2</sup>
• Kløvheim (asfalt) –	kv92 –	990m, 3.5m bredde	= 3465 m <sup>2</sup>
• Hellesnesvegen (asfalt) –	kv1117 –	570m, 4.0m bredde	= 2280 m <sup>2</sup>
			= 8145 m <sup>2</sup>

- **Uglåsvegen** er ein grusveg som ligg langs Fv399 - Skauvegen, om lag 27 km frå kommunesenter Knarvik. Vegen er smal og til dels svingete. Nokre stader er overdekking svært tynn, andre stader går vegen over myr med 15-40 cm grus opp massesepasjonsduk. Det eksisterar og eit par stikkrenner som ligg veldig grunt (sjå bilet). Desse må takast omsyn til. Det eksisterar og ei plate-bru på vegstrekket.

- **Kløve/Kløvheim** er 2-lags asfaltveg, og ligg langs Fv397 - Mykingvegen, om lag 20 km frå kommunesenter Knarvik. Vegen er ein gjennomkøyringsveg. Asfaltlaget er tynne og nokre stader er det sporfylt med asfalt. Asfaltlaget er i opplysing fleire stader. Vegen går over utmark og dårlig grunn. Massane under asfaltdekket er ukjent. Mot Kløve-sida svingar vegen ned mot skulen gjennom eit par hårnålssvingar. Her er det kantsikring som må takast omsyn til (sjå biletet).
- **Hellesnesvegen** er 1 lags asfaltveg, og ligg langs E39 om lag 10 km frå kommunesenter Knarvik. Vegen blei asfaltert for få år sidan, men asfalten er krakkelert og byrja og smuldre opp i parti. Under asfalten er det grusmassar av ukjent kvalitet. At asfalten har holdt så få år, fortel at vegen har dårlig oppbygging og dårlig bærerlag. Langs parti av vegen er det støypt kantsikring og i eit parti er det montert autovern på støypt kant. Dette må takast omsyn til under arbeidet.

#### **Arbeidsvarsling:**

Entreprenøren skal stå for forsvarleg skilting og trafikkavvikling. Kostnaden skal vera inkludert i einingsprisen. Alle vegane har fastbuande, og ein må derfor fastsette stengjetider. Uglåsen og Hellesnes er blindvegar, mens Kløvheim har moglegheit for gjennom-/omkøring.

Entreprenøren skal i samråd med byggherren avtale tid for utføring og leggje fram endelige framdriftsplan før arbeidet startar, slik at byggherren kan varsle om stenging av vinar, ventetid, m.v.


#### **Rydding etter ferdig anlegg:**

Entreprenøren skal foreta opprydding etter at arbeidet er avslutta. Dei nytta areala utanfor anlegget skal setjast i stand slik det var før arbeidet tok til. Grøftar skal setjast tilbake til opprinnelig stand. Kostnadene vert å dekke av entreprenøren sjølv.

## Oversiktskart




## Uglåsvegen





## Kløve/Klövheim





## Hellesnesvegen

